


Nytt fra



Nr 3/2012

6. årgang

Informasjonsblad for medlemmene i Smøla historielag og andre lokalhistoriske interesserte.

Vi prøver også å lage ei e-postadresseliste som kan bli nytta til å gi rask informasjon til våre medlemmer om aktuelle saker. Så legg gjerne med e-postadresse når du tek kontakt.

Følg oss også på www.smola.historielag.org

Smølaminne 2012

Dette medlemsbladet kjem saman med Smølaminne 2012, og du får samtidig ein giro med oppmoding om å betale kontingenten for 2013. Dersom du står til rest med kontingenten for 2012, så håpar vi du betaler den saman med kontingenten for 2013. Kontingenten er 200 kr pr år.

Lokalhistorie

Smøla historielag er eitt av mange lag i regionen. I nabokommunen Aure er det lag som óg gir ut årbok. Nordmøre historielag har gitt ut si årbok. Frei historielag har si årbok. Og det kjem ut lokalhistoriske publikasjonar i Tingvoll, Surnadal, Rindal.

Kristiansund har si gjenreisingshistorie med til no 4 hefte. For folk med lokalhistorisk interesse er det mye å velge i. Noe som gjenstår, er å få til ein felles presentasjon.

Etterlysing:



Ole Soleims minne

Bauten i Dyrnesdalen over framande, skulle vi hatt litt meir kunnskap om. Kan noen hjelpe?

Var det Dyrnes ungdomslag som fekk steinen reist? Er møtebøkene for laget å finne?



Her kjem Lokalhistorisk arkiv for Smøla

Vi arbeider med å utvikle Lokalhistorisk arkiv.

Etter kvart vil vi få orden på det som er innsamla slik at det kan bli til almenn nytte.

Fra vedtektene saksar vi dette:

Lokalhistorisk arkiv for Smøla vil:

- samle inn materiale av lokalhistorisk verdi, slik som handskrevne ting,

kart, fotografier, lydbånd, film, videoopptak med mer

- ta godt vare på innsamlet materiale. Trygge materialet slik det ikke går tapt eller brukes på urett måte (klausulert stoff)
- tjene den lokalhistoriske og kulturelle virksomhet i Smøla, men også det som kan være til vitenskapelig nytte

Vi håpar at du som veit om lagsprotokollar, bøker etter foretak som har vore på Smøla, bildesamlingar med meir, vil kunne arkivere dette hos oss. Det er Jonna Tang Kuløy, Judy Rangnes, Asbjørn Ole Karstensen og Rannei Botten som er styringsgruppe for arkivet.

Det er iallfall stor interesse for lokalhistorie. Kunnskap om bygdene, både i fortid og notid fenger både dei som har røtter her og dei som er her på tilfeldig besøk. Det er med å gjere formidling av historie interessant.

Sitat fra Johan Falkberget, trykt i Heimen VII 1. mai 1946:

Fortida er grunnmuren under huset vi skal bo i. Lar vi den forfalle, er det fare for at vi før eller seinere blir husville. I folkets saga finner vi de bærende bjelke i alt samfunnsliv, fra de eldre tider til i dag.

Industrihistorie

Smøla museum si utstilling i sommar om den rike og mangfaldige hermetikkindustrihistoria på Smøla fenga mange, og den var rikt besøk. Når vi snakkar om industri og industrihistorie, er det så lett å tenkje på Sunndal, Årdal, Odda og andre som hadde tilgang og bruk for mye elektrisk kraft. Her var det mangel på elektrisk kraft, men vi hadde råstoffet og gründerane som ga seg i kast med nye oppgaver. Utstillinga til Smøla museum blir også vidareført neste sommar.

Nordmørsgrana

Det nærmar seg jul, og på piren i Kristiansund har det blitt ein tradisjon at ein nordmørskommune set opp ei gran. I år er det Smøla sin tur. Og Smøla musikkorps skal gå i spissen for nissetoget som går den dagen lysa på grana blir tent. Smøla markerer seg her óg.

Smøla historielag deltok på stand i lag med Smøla kommune under arrangementet "Smølabonan i by'n". Vi fekk bra salg av *Smølaminne, Faner på Smøla og Slåttar, salmar, stev og stubbar frå Smøla.*

Slektsforskdagen i 2012 hadde som tema Gamle kort, brev og postvesen

Arrangementet på Nordmøre blei avvikla i Gurisentret 27. oktober. Det kunne nok gjerne ha vore større oppslutning, men det var oppmøte fra Kristiansund og Averøy attåt Smøla. Det var DIS Møre og Romsdal, Smøla som stod som arrangør. Karle Gjernes viste eksempel på gamle kort og brev, og Tore Kristiansen ga praktisk informasjon om slektsgransking. Han ga også hjelp til enkeltpersonar.

Årsmøtet 2013

blir lørdag 6. april 2013 kl. 16.00 på Annies gjestekro i Dyrnesvågen. Årsmelding, rekneskap, arbeidsplan, budsjett og valg.

På valg er:

leder: Karle Gjernes

Styremedlemmene: Lars Rosvoll og Peggy Kruse

Varamedlemmene: Lars Arnfinn Roksvåg, Bjørg Karin Severinsen, Kjell Petter Walseth

Revisor: Svein Ivar Iversen med vara Svein Rangnes

I valgmemnda : Per Halse

Etterårs møtet blir det temamøte.

Edøystjerna



Riksantikvaren har på visse vilkår gjort følgjande vedtak: *I samband med tilrettelegging og formidling av ei stjerneforma steinsetting, id 46638-3 Edøy, gnr.13, bnr. 3 i Smøla kommune, blir det gitt løyve til tildekking og bygging av ein kopi av steinsettinga i marka rett over originalen.*

Det er også sterkt ønske om å få den originale steinsettinga avdekka. Om vedtaket blir anka med det som formål, gjenstår å sjå. Smøla kommune i samarbeid med fylkeskommunen blir ”byggherre” om det skjer noe her.

Minneord

Lars Arnfinn Roksvåg er død, snaut 70 år gammel. Med det har Smøla historielag mista ein god medarbeidar. Lars var samfunnsengasjert, konstruktiv og arbeidsvillig.

Han hadde evne til å få kontakt med mange forskjellige personar, og han forsto seg på lokale forhold. Det er viktige eigenskapar i lokalhistorisk arbeid. Han var lett å samarbeide med, hadde klare meiningar og mange idear. Da Smøla historielag hadde oppstartingsmøtet, var Lars møteleiari, og han var med i styret for historielaget frå starten. Var det noko som skulle gjerast, var Lars straks villig. Og vi følte at han hadde glede i arbeidet. Siste åra var han med i redaksjonen for Smølaminne. Smølaminne 2012 som kjem no til jul, rakk han ikkje å sjå ferdig.

Det er eit stort tap for oss at Lars har gått bort. Vi føler med Asbjørg og resten av familien som så uventa raskt miste han. Fred over minnet.



Medlem i Smøla historielag

Kontingenten i 2012 er 200 kr pr. person. Det er også kontingenten for 2013. Smølaminne er med i medlemskontingenten. Den kan betalast til konto 3936.2042805.

Dersom du tippar og vil at grasrotandelen skal gå til Smøla historielag, er organisasjonsnummeret 993 883 581.

Tillitsvalde i Smøla historielag:

Leder: Karle Gjernes

- 71541179/95826251
- leder@smola.historielag.org

Sekretær: Peggy Kruse

71 54 31 33/482 42 788

epost: peg-krus@online.no

Nestleder: Lars Rosvoll

71540309/92622283

epost: lars@rosvoll.no

Styremedlemmer:

Per Harald Ellevsøy 71541192/90665215

epost: peelle@online.no

Margrete Skjølberg 71541193

epost: margrete.skjolberg@hotmail.com

Varamedlemmer:

Lars Roksvåg

Björg Karin Severinsen

71 54 11 88/952 74 695

epost: bjoergse@hotmail.com

Kjell Petter Walseth

71 54 33 85/918 67 718

epost: kjell.walseth@c2i.net

Kasserar: Jonna Tang Kuløy

71 54 32 29/95 14 44 38

Fra 1. januar 2013: Kåre Flataukan

epost: kasserer@smola.historielag.org

Revisor: Svein Ivar Iversen

Vararevisor: Svein Rangnes

Redaksjon Smølaminne 2012:

Lars Roksvåg

Reidun Åstasund 71 54 12 90/907 95 407

epost: reidun40@hotmail.com

Björg Træthaug 71 54 02 31/918 39 730

epost: bjor.trathaug@neasonline.no

Korrekturlesar: Svein Rangnes

Trykk : Holm Grafiske AS

Valgnemnd:

Per Halse, leder 71542918 phalse@online.no

Eva Flataukan 71543393/ [95799359](tel:95799359) evaflataukan@live.no

Karen Johanne Kristiansen 71542167/91197114

karejokr@online.no